

**From:** Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@museumvest.no>  
**Sent:** torsdag 1. juli 2021 09.04  
**To:** NVE; Tore Slinning; 'post@vlfk.no'  
**Subject:** Vedr. Revisjon av konsesjonsvilkår for Eidfjord Nord reguleringa i Eidfjord og Ulvik kommunar. Forholdet til kulturminne i vatn.

**Vedr. Revisjon av konsesjonsvilkår for Eidfjord Nord reguleringa i Eidfjord og Ulvik kommunar. Forholdet til kulturminne i vatn.**

Me viser til brev motteke frå NVE, 25.03.2021.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Eidfjord Nord i Eidfjord og Ulvik kommunar som kan bli direkte råka av dei omsøkte tiltaka. Slik me vurderar det så vil ei endring av konsesjonsvilkåra ikkje føre til endra bruk eller tiltak.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing,

**Thomas Bjørkeland | Bergens Sjøfartsmuseum**  
Marinarkeolog | + 47 55 54 96 11  
[www.museumvest.no](http://www.museumvest.no)

